



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Att. Marianne Nilsen

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Høringsuttale til forslag om innskrenkingar i odelskretsen og endringar i reglane om odelsfrigjering

Innleiing:

Fylkesmannen viser til oversendinga frå Landbruks- og matdepartementet med forslag om endringar i odelslova, datert 23.01.2013.

Bakgrunn for forslaga er drøftingane i Meld. St. 9 (2011-2012) om Landbruks- og matpolitikken. Regjeringa drøfter her endringar med utgangspunkt i forslag frå Odelslovutvalget i 2003. Utvalet sine forslag var:

- a) Berre barn av siste eigar med odelsrett har odelsrett.
- b) Berre barn av ein eigar med odelsrett (nåverande eller tidlegare innan same odelssekt) har odelsrett.
- c) Gjeldande ordning blir vidareført med den modifikasjon at *nokon av foreldra, besteforeldra, eller søsken av foreldra* må ha eigd egedomen i ei viss tid, for eksempel 5 år.

Regjeringa foreslår endringar i odelskretsen slik at berre barn av eigar med odelsrett skal ha odelsrett (sjå alternativ b). Det kjem vidare fram i Meld. St. (2011-2012) at det er få søknader om odelsfrigjering etter odelslova § 31 av egedom som blir selt som tilleggsjord. Regjeringa foreslår at fråsegna om odelsfrigjering etter § 31 blir oppheva, ettersom odelsfrigjeringa vil vere lite aktuelt dersom odelskretsen blir innskrenka.

Fylkesmannen i Rogaland kjenner seg igjen i at det har blitt lite saker om odelsfrigjering etter § 31 i odelslova. Vi har behandla ei sak om odelsfrigjering i 2011 og ingen saker i 2012. Vi er kjende med at det er sendt inn ei sak om odelsfrigjering til ein kommune i Rogaland no ved årsskiftet. Tidlegare år var talet på odelsfrigjeringssaker høgare. Vi har erfaring frå at det er døme på at odelsfrigjering har vore særskilt viktig ut frå strukturmessige omsyn.

Når det gjeld den nærare grunngevinga for lovforslaget syner vi til høyringsnotatet.

Fylkesmannen i Rogaland si vurdering:

Forslag om reduksjon av odelskretsen

Vi ser at når barnebarn av odlar overtar eigedomen, og barnebarnet ikkje har eigen odelsrett, kan forslaget føre til innskrenkingar som kan vere verna av Grunnlova § 107. Dette gjeld særleg der eigedomen ikkje kan bli overført til forelderen igjen. Vi saknar ein nærare vurdering av dette frå departementet.

Fylkesmannen i Rogaland er likevel einig i at det kan vere viktig å sleppe andre inn i landbruket enn dei som har odel. Når ein odelsrettshavar langt ute i odelsrekka overtek ein eigedom, vil overtakar oftast ha liten tilknytning til garden og drifta. Det er mange som har behov for tilleggsjord, og vi opplever at det er relativt mange som ønskjer å kjøpe landbrukseigedom. Desse har som oftast vakse opp på gard, har landbruksutdanning og/eller har drive gard i fleire år. Ei slik innskrenking i odelskretsen som foreslått vil etter vår vurdering kunne bidra til økt omsetning av landbrukseigedomar, og slik bidra til framtidig busetting og drift på eigedomen som er mest hensiktsmessig for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket, jf. jordlova § 1. Det er særleg viktig å rekruttere dei som har vilje og kompetanse til å drive innan landbruk, meir enn om dei faktisk har odel til eigedom.

Vi støtter difor forslaget om innskrenkingar i odelskretsen.

Forslag om å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering

Sjølv om innskrenkingane i odelskretsen vil kunne føre til ein nedgang i odelsfrigjeringsaker, vil det i enkelte tilfelle vere sterke samfunnsmessige omsyn som tilseier at ein som har kjøpt tilleggsareal får behalde arealet. I dette ligg særleg strukturmessige omsyn.

Etter vår vurdering bør det difor framleis vere reglar om odelsfrigjering.

Det kan også reisast spørsmål om det er hensiktsmessig å behalde odelsfrigjeringstilgangen for stat og kommune etter odelslova § 30, dersom § 31 blir oppheva.

Vi støtter ikkje forslaget om å oppheve odelslova § 31 om odelsfrigjering.

Konklusjon:

Fylkesmannen i Rogaland støtter forslaget om innskrenkingar i odelskretsen. Vi støtter ikkje endringar i reglane om odelsfrigjering.

Med helsing

Anfinn Rosnes
ass landbruksdirektør

Iris-Adele Berg Jess
rådgivar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Iris-Adele Berg Jess
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 76
E-post: fmroiaj@fylkesmannen.no